

---

Vår referanse 2020/36650-10  
Dato 11.11.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Bustad, garasje, mur og vegtilkomst - Fv. 5452  
Leknesvegen - Gnr 195 bnr 36 - Leiknes - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev datert 01.11.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav jf. kommunedelplan for Lindås, for oppføring av bustad, garasje, mur og vegtilkomst på gnr 195 bnr 36 i Alver kommune. Frist for uttale er 29.11.2021.




Fig: Kart over området, omsøkt eigedom er vist med raud sirkel.

**Uttale:**


Eigedomen avsett til bustadføremål jf. kommunedelplan for Lindås (KDP), men er elles ikkje regulert. Det vert søkt om dispensasjon frå plankravet etter § 2.2 jf KDP for å rive eksisterande fritidsbustad og oppføre ny bustad. KDP listar og opp unntak frå plankravet for mindre utbyggingar, der forholdet til mellom tilkomstveg, avkøyrsløse mm skal vere avklart før ein eventuell dispensasjon.

**Plankrav:**

Eigedomen ligg langs fv. 5452 Leknesvegen. Fylkesvegen er smal og har dårleg standard. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar på strekninga. Det er ikkje opplyst kor mange resttomter som ligg innanfor arealføremålet, og kor mange tomter som kan løyse utfordringar med infrastruktur på strekninga gjennom eit planarbeid. Vi fryktar at det ved utbygging av enkelttomter ikkje vert satt av tilstrekkeleg areal til utbetring av fylkesvegen på eit seinare tidspunkt. Vi ber kommunen sørgje for at vilkår i kommunedelplanen er oppfylt, mellom anna kor mange einingar som kan byggjast før plankravet igjen gjeld, før det eventuelt vert gjeve dispensasjon.

**Byggjegrænse:**

Den generelle byggjegrensa langs fylkesveg er 50 meter frå vegmidte, jf. veglova § 29. På den aktuelle strekninga har vi tidlegare akseptert ei byggjegrense på 15 meter. Denne avstanden vil gjelde også for dette byggjeprojektet. Vi er opptatt av å ikkje byggje ned arealet langs vegen, fordi det på sikt vi vere behov for utbetring av fylkesvegen og eventuelt etablere tilbod til mjuke trafikantar. Vi kan ikkje akseptere tiltak som medfører inngrep i bygningskroppen. Vi er særleg opptatt av at drenering under fylkesvegen ikkje skal verte hindra av ny utnytting av eigedommen.



*Situasjonskart.*

*Avkøyrsløse:*

Vestland fylkeskommune gav løyve til å opparbeide avkøyrsløse til eigedommen i brev av 03.12.2020. Frist for opparbeiding av avkøyrsløse er 3 år.

*Sluttord:*

Dersom Alver kommune fattar vedtak om dispensasjon frå plankrav, ber vi om å få tilsendt søknad om dispensasjon frå byggjegrense. Til søknaden skal det leggjast ved situasjonskart i samsvar med kommunen sitt vedtak, som tydeleg viser avstand frå fylkesvegen for dei ulike tiltaka. Det kan ikkje påreknast løyve som medfører inngrep i eller nær vegkropp, eller som medfører endra dreneringsforhold for fylkesvegen. Situasjonskartet må vise avkøyrsløse i samsvar med godkjent løysing, samt snu- og manøvreringsareal på eigen tomt.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*